

26.02.2011

## Ungdomslaget satsar på Fjelly



Ungdomslaget satsar meir på Fjelly.

**Uskedalen ungdomslag skal ha årsmøtet sitt sundag kveld og då vil både opprusting av kjøkenet i Helgheim og av hytta Fjelly ved Mannsvatnet vera aktuelle programpostar.**

**Målsetjinga for hyttesatsinga er auka utleige for ein rimeleg sum til alle som ynskjer det, understrekar hyttestyret..**

Det som skal skje i år er mellom anna maling på dugnad i tillegg til den generelle opprustinga.

Men leigeinntektene til hytta er 4.000 kroner og det er ikkje nok til å sikra vedlikehaldet. Difor har styret søkt kommunen om midlar til føremålet slik at hytta kan haldast i god stand..

Det skal til sommaren arrangerast overnattingsturar for born i alderen 7-12 med ulike aktivitetar som gjer at borna får gode relasjoner til området og aktivitetar utandørs.

Ein kan også tenkja seg ymse arrangement for å få folk til å oppleva den storløtte naturen, til dømes kafe.

Fjelly, som vart bygd i 1917, har vore restaurert og pussa opp på dugnad fleire gongar. Ho har sengjepllass for 14 og ein kan nytta båt på vatnet. Fiskemøgleheitane er gode.

Av Ola Matti Mathisen